

Varsel om oppstart – grunneiere

## **Rv. 9 Frøysnes**

### **Varsel om oppstart av planarbeid**

Statens vegvesen (SVV) varsler oppstart av detaljregulering av rv. 9 ved Frøysnes jamfør plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8. Planen skal utarbeidast i samarbeid med Bygland kommune. Vi ber med om innspel til planarbeidet.

### **Omtale av prosjektet**

Prosjektet er ein del av prosjektet «Rv9 gul midtstipe Kristiansand-Hovden». Rv 9 Frøysnes er den seiste etappa på dette prosjektet. Dagens standard gjennom Frøysnes er dårleg, med varierende vegbreidde ned til under 5 meter mellom kantstripene, ustabile vegkanter, manglande gul midtlinje og mykje kurvatur. Det er behov for å auke trafikktryggleiken og framkoma.

Planområdets utstrekning (jf også vedlagte kart):

Strekninga utan gul midtline er på ca 1,8 km. For å kunne utbetre sikt og muliggjere utbetring av sideterrang på tilstøytande veg er planområdet noko utvida. I sør inneber dette at plangrensa er sett lik med verneområdet. Planområdet blir då totalt ca. 3,9 kilometer målt langs eksisterande veg. Planområdet er på ~510 daa. Trafikkmengde (årsdøgntrafikk-ÅDT) er på om lag 1600 i 2022 med ein tungtrafikkandel på 14%.

Det er gjennomført oppstartsmøte med Bygland kommune, sjå vedlegg.

Planområdet omfattast delvis av kommuneplan for Bygland 2011 – 2022 og delvis av strandsoneplanen frå 2015. I kommuneplanen er arealet avsett til LNFR-formål, rv. 9 er vist som viktige ledd i kommunikasjonssystemet. I strandsoneplanen er arealet avsett til LNFR-formål, bruk og vern av sjø og vassdrag samt omsynssyne H310 ras- og skredfare, H320 flomfare, H560 bevaring naturmiljø og H570 bevaring kulturmiljø. Ny vegline vist i kommunedelplanen for rv. 9 gjennom Frøysnes frå 2007 jf. også strandsoneplanen frå 2015 er i praksis oppheva gjennom vedtak i kommunestyret 03.11.21. Området er ikkje regulert.

Kommunen har konkludert med at tiltaket utløyer krav om konsekvensutgreiing ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing iht. plan – og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutredning for tema kulturminne. For øvrige tema er det konkludert med at tiltaket ikkje vil gje vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Desse tema vil i stor grad likefullt bli synleggjort gjennom den ordinære sakshandsaminga av reguleringsplanen, og omtala i fagrapportar og planomtalen.

### **Framdrift og frist for merknader**

Vi ber om at dykk sender synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar til oss seinast innan **13.12.2023**. Merknader sendast skriftleg enten med vanleg post til Statens vegvesen Postboks 1010 Nordre Ål 2605 Lillehammer, eller med e-post til [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no).

Merk innspel med «**Rv. 9 Frøysnes, reguleringsplan**»

Det arrangerast opent informasjonsmøte om planarbeidet i kommunestyresalen **torsdag 23. november kl 17.30**.

Når merknadsfristen er ute vil Statens vegvesen gå gjennom merknader og innspel. Merknader og innspel vil ikkje bli svart ut direkte, men vil bli kommentert og vurdert i plandokumenta. Svv vil utarbeide eit planforslag i løpet sommar/haust 2024, og det er eit mål om at planen blir vedteken i løpet av 2024.

### **Ta gjerne kontakt**

Spursmål om planarbeidet kan rettast til planleggingsleiar Jon Olav Upsal på telefon 924 42 753 eller e-post [jon.olav.upsal@vegvesen.no](mailto:jon.olav.upsal@vegvesen.no).

Prosjektet har eigen heimeside: <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/riksveg/rv9froysnes/>

Varsel om oppstart – grunneiere

Med helsing

Sigurd Wiberg

Seksjonssjef Plan og utbygging DOV sør

Jon Olav Upsal

Planleggingsleiar

Vedlegg:

-Oversiktskart

-Referat fra oppstartsmøte i Bygland kommune